

DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

Møre biskop

Det kongelig kulturdepartement

Dato: 27.09.2013

Vår ref: 13/61-26 PIII

Dykkar ref:

Høyrings svar NOU 2013:1 - Det livssynsåpne samfunn

Møre bispedømeråd har i sak 053/13 handsama NOU 2013:1.

Møre biskop og Møre bispedømeråd gir felles høyringsuttale og har følgjande høyrings svar:

A) Innleiande merknadar

- Møre bispedømeråd har som del av Kyrkjemøtet gitt høyringsuttale og visar til denne.
- Møre bispedømeråd er positiv til at staten er livssynsopen i ei tid der livssynsnøytralitet i mange høve blir halde fram.
- Det blir gjennom utredninga gitt aksept for at den enkelte kan gi uttrykk for tro og livssyn i det offentlege rom.
- Møre bispedømeråd støttar dei 8 prinsippa for tros- og livssynspolitikken.
- Møre bispedømeråd påpeikar at NOU 2013:1 ikkje er tilstrekkeleg prinsipielt konsistent i møte med enkelttema.
- Møre bispedømeråd meiner NOU 2013:1 går for langt i å kommentere indre tilhøve i Den norske kyrkja – i høve til og likna med andre trus og livssynssamfunn. Det kjem særleg til syne i kapittel 10. Møre bispedømeråd meiner det er uheldig at utvalet i kapittel 10 går lenger enn sitt mandat. Det kjem til dømes til syne i utvalet sin omtale av arbeidsgjevaransvaret (s.116) og om kommunal representasjon i fellesråd (s.117).

B) kapittel 9 Prinsipp for ein heilskapleg trus og livssyns politik.

Det er lite å innvende mot dei prinsippa som utvalet vedkjenner seg til. Alle prinsippa er orientert utifrå *individet*. Samtidig skal dei gi føringar for likeverdig handsaming av trus- og livssynssamfunn, altså *kollektive* storleikar. Den norske kyrkja har både ideologisk og strukturelt vore ein viktig bidragsytar fram mot det som i dag vert rekna for fellesverdier i det norske samfunnet: ”demokrati, rettsstat, menneskerettigheter, ikke-diskriminering og likestilling” (9.6) Det er vanskeleg å tenkje seg europeisk idehistorie utan kyrkja sitt nærvær og det er vanskeleg å tenkje seg det norske folk si assimilering av desse verdiane utan eit tradisjonsrikt trussamfunn som har vore tilstades i det enkelte lokalsamfunn. Staten har nyleg stadfesta dette i den nye § 16 i grunnlova. Det er verd å merke seg at utgangspunktet for den rause norske støtta til ulike trus- og livssynssamfunn, kjem frå samanlikning med tildelinga til den norske statskyrkja. Det er faktisk statskyrkja som har vore argument til omfattande støtte, ulikt andre land.

Viktigare er at det her skjer ei forveksling i kategori. I grunnlovdiskusjonen dreier det seg om å vedkjenne seg til kva som er norsk nasjonal identitet og kva verdigrunnlag samfunnet skal vere prega av, ikkje korleis ein skal likebehandle støtta til trus/livssynssamfunna og gi dei plass i det offentlege romet, i eit mangfald. Å sløyfe tilvisinga til vår humanistiske og kristne arv er å bryte med same arv. Det dreier seg om å starte der ein er, i den tradisjon som er til stades, ikkje starte på nytt. Ein bør heller halde fram med kyrkjeforliket, og ein del spørsmål som må avklare seg. Det er eit sunt prinsipp utvalet har (9.3) der det heiter om likebehandling: " Dette kan på den ene siden innebære å gjøre tilpasninger for å ivareta minoriteter ... og på den annen side akseptere at den historiske bakgrunnen gir føringer." Å ta vare på mangfaldet kan skje samtidig som folkekyrkja blir sikra rimeleg kontinuitet.

Til 9.4: Viktig med autonomien innan dei ulike samfunna – berre avgrensa av dei fellesverdiane som ligg i menneskerettar og demokrati. Det må gjelde også for folkekyrkja.

Utvalet sine grunnleggande premiss om eit livssynsøpe samfunn bør vere styrande for norsk trus- og livssynspolitikk så lenge prinsippa ikkje kjem i konflikt med kyrkja si tru og lære. Ein aktivt støttande trus- og livssynspolitikk må legge til rette for og opne opp for religion og livssyn i dei offentlege rom. Det vender fokus bort frå eit livssynsnøytralt samfunn til eit samfunn der alle trus- og livssynsamfunn får spele ei positiv rolle for den einskilde og for fellesskapen.

Ein særleg stor mangel i utgreiinga "Det livssynsøpe samfunn," er ei nærare vurdering av kva familien betyr for utvikling av livssyn og verdiar som storsamfunnet er avhengig av. Omtale av familien og heimen er avgrensa til nokre mindre utgreiingar av barneloven og ekteskapsloven (5.6), foreldreretten (8.6) og familieretten (12.4.1). Når omgrepet "familie" elles vert nemnd er det oftast med behovet for å verne individet mot den familien det høyrer til, t.d. i spørsmål om likestilling (17.6.2).

Dersom utvalet ikkje vedgår familien og heimen si positive rolle i utforming av "demokrati, rettssamfunn, menneskerettigheter, ikke-diskriminering og likestilling" må det bety at staten skal makte dette ved hjelp av sine eigne strukturar. Det er vanskeleg å sjå føre seg at staten i lengda kan bere dette ansvaret. Gode institusjonar innan oppseding, undervisning, barnevern, kultur og ordensmakt kan berre byggje vidare på eit grunnlag som barnet har vakse opp med, eventuelt kompensere eit stykke på veg når grunnlaget har svikta.

Ein felles verdiplattform med omgrepa "demokrati, rettsstat, menneskerettigheter, ikke-diskriminering og likestilling" samlar seg i eit spørsmål om kva eit menneske er verdt. Her trengst aktivt støttande politikk som går lenger enn det økonomiske tilskot og statlege institusjonar kan tilby i det offentlege rom.

Familien og heimen spelar ei positive rolle i utforming av "demokrati, rettssamfunn, menneskerettigheter, ikke-diskriminering og likestilling". Institusjonar innan oppseding, undervisning, barnevern, kultur og ordensmakt kan berre byggje vidare på det grunnlag som barnet har vakse opp med, eventuelt kompensere eit stykke på veg når grunnlaget har svikta.

Dersom staten skal forvalte religion i det offentlege rom må den i første omgang stå fram som tenar og ikkje som herre, til folket sitt beste. Med omsyn til heim og familie vil ei kyrkjeleg forventning kunne uttrykkjast i subsidiaritetsprinsippet. Ifølgje dette

"skal ikke en høyere samfunnsinstans gripe inn i en lavere samfunnsinstans indre liv ved å frata den kompetanse, men den skal om nødvendig snarere støtte den og hjelpe den til å samordne sitt virke med andre samfunnsorganer, med det felles beste for øye."
(Johannes Paul II i "Centesimus annus" 48)

Den norske kyrkja har i generasjonar halde fram spørsmål om meining med tilværet, motivert til grunnleggjande verdival, forvalta ritualer i viktige faser av livet og elles vore avgjerande for "samfunnets verdimesseige infrastruktur" (9.4).

C) kapittel 10 Tillegg til del III.

Til 10.3: Å foreslå at dei som vil, kan sluse «kyrkjeskatten» inn i elles gode formål, vil vere å gå vekk frå at det dreier seg om støtte til utøving av tru og livssyn – i samanslutningar. Skattefritak for gåver til gode formål er ingen god modell på dette området.

I drøfting av folkekyrkja og grunnlova vil utvalet sette til sides kyrkjeforliket, og ta ut av grunnlova det som går på folkekyrkja. Utvalet overser den positive betydning folkekyrkja har hatt i vårt folks historie, også som ein stad der den kan vere som ikkje er heilt sikker på kva han eller ho trur, men likevel vil vere medlem. Jf. utvalet (10.3): "Den er til både for de direkte aktive kirkemedlemmene og for alle som ønsker å ha en tilknytning til Den norske kirke".

Møre bispedømeråd er imot utvalet sine forslag til endringar i Grunnlova som nyleg er endra med stor politisk tilslutnad.

D) kapittel 11 Tru og livssyn i det offentlege rom.

pkt. 11.1

Møre bispedømeråd støtter utvalet i at trus- og livssynsbaserte grunngevingar og argument også høyrer heime i offentleg debatt og politikk i eit livssynsåpent samfunn i tråd med utvalet sitt prinsipp 8, og er også einige i at eit samfunn med aukande pluralisme krev ei felles grunngeving for offentleg politikk som alle kan støtte opp om uavhengig av tros- eller livssyn. Møre bispedømeråd støtter utvalet i å peike på dei universelle menneskerettane som eit godt verktoy og grunnlag for dette. (Sjå også merknadane til Kyrkjemøtet sak KM 11/13 avsn. «Menneskeverd og menneskerettigheter») Bispedømerådet vil likevel òg peike på at religionsforståinga utvalet legg til grunn også her synest noko smal, og ikkje har ei djup nok forståing av kva det vil seie å grunnge eller argumentere ut i frå eit trus- eller livssynsstandpunkt.

pkt 11.2

Møre bispedømeråd støtter utvalet sitt mindretal i at føremålsparagrafen i opplæringslova både tek i vare dei kristne og humanistiske verdiane si særstilling i norsk tradisjon og historie, utan å bryte med prinsippa om likebehandling, ikke-diskriminering og vern av religionsfrihet for alle. På bakgrunn av dette og på bakgrunn av nylig endra Grunnlov med verdiparagraf ser ikkje bispedømerådet at det no er grunnlag for å endre opplæringslova sin føremålsparagraf. Men korleis føremålsparagrafen skal tolkast i læreplaner og i praksis, er likevel gjenstand for diskusjon, m.a. i høve likebehandlingsprinsippet. Eit av dei nyere elementa i denne debatten er utvalet sin føring om ei ny politisk hovudretning frå livssynsnøytralt til «livssynsåpent».

pkt. 11.3

- 1) Møre bispedømeråd avstår frå å gje høringssvar på dette punktet, av di dette punktet ikkje direkte angår Møre bispedøme. Tematikken vert også teken opp i kap. 15 i utgreinga, og det kapitlet vert også handsama ism. MBDR sitt høyringssvar til kapittel 15.4.3.

pkt. 11.4.1

Møre bispedøme er einige i at ansvaret for nasjonale markeringar er eit offentleg ansvar. Bispedømerådet vil likevel peike på at Den norske kyrkja som fleirtalskyrkje, historisk og

kulturelt, har hatt ei tydeleg rolle i nasjonale markeringar av fleire slag for å ta vare på sine medlemmar. Kyrkja må vere tydeleg for å unngå å bli oppfatta som statleg aktør, men ynskjer likevel å kunne vere tydeleg tilstade i det offentlege rom både i samband med ulukker/katastrofer eller andre former for markeringar der det er naturleg.

pkt. 11.4.2

Møre bispedømmeråd tek utvalet si prinsipielle innvending mot samankopling av kyrkjelege og offentlege val til etterretning. Stortinget, ikkje kyrkja, la samankoplinga inn i Kyrkjelova, seinast 10.juni 2013. Bispedømmerådet vil likevel peike på at arbeidet med demokrati-reforma i Den norske kyrkja, inkludert kyrkjelege val på same tid og i lokalar nær offentlege val, har ført til ei markant auke i valdeltaking og med det auka demokratisering av kyrkja. Så lenge ordninga ikkje blir oppfatta som eit prinsipielt problem av borgarane, bør ein heller sjå etter andre måtar å kome utvalet sine innvendingar i møte på innanfor dei rammene som Stortinget har lagt. Det er likevel usemje i bispedømmerådet om denne samankoplinga.

E) kapittel 14 Livssynsopne seremonirom

Møre bispedømmeråd støtter forslaget om at det vert etablert ei ordning med livssynsopne seremonirom. Ordninga bør vere tilstrekkeleg desentralisert og tilpassa lokale behov. Kommunane bør ha eit ansvar for å finne konkrete løysingar i samarbeid med trus- og livssynssamfunn på staden.

Møre bispedømmeråd meiner det er eit godt trekk å kalle seremoniroma "livssynsøpne" i staden for "livssynsnøytrale." Det gjev i større grad eit uttrykk for at livssyn har ein normal og akseptert plass.

Møre bispedømmeråd støttar at andre religionar og livssyn også har tilgjengelege rom for sine gravferdsseremoniar.

Dette må ikkje erstatte kommunane si lovfesta plikt til å bygge kyrkjer. Det må sikrast eigne økonomiske tilskot til livssynsopne seremonirom, utan å kombinere desse to ulike omsyn. Ut frå regelverk for kyrkjebygg er ikkje ei kyrkje eit livssynsnøytralt eller livssynsøpne bygg.

F) Kapittel 15 Trus- og livssynsteneste i offentlege institusjonar

15.1 Innleiing

Når 80% av folket kjenner seg knytt til dei kristne grunnverdiane er det naturleg at desse får preferanse. Vi gir utvalget rett i at Den norske kirke er hovedleverandør av religiøs betjening i mange offentlige institusjoner, men det er feil å si at Den norske kirke har hovedansvaret. Det er ledelsen ved den enkelte offentlige institusjon har hovedansvar for å legge til rette for personers religionsutøvelse.

Utvalet tek utgangspunkt i ein anna demografisk og geografisk ståstad enn den institusjonsprestar erfarer i Møre bispedøme. I Møre blir det lagt vekt på:

- demografiske og kulturelle forskjellar.
- å ivareta den gode kompetanse og erfaring som særleg prestar i Den norske kyrkja har.
- at det er leiinga ved den einskilde offentlege institusjon som har hovudansvar for å legge til rette innanfor institusjonen.
- at mange opplever dagens ordning med institusjonsprestar som rimelig då majoriteten av befolkninga er medlemmar i Den norske kyrkja eller eit anna kristent trussamfunn.
- utgreiinga sin bruk av omgrepet livssynsøpne i motsetning til livssynsnøytralt, som gir ei forståing av å inkludere ulike ytringar.
- et fjerde prinsippet, "Det legges aktivt til rette for alle borgeres tros- og livssynspraksis" som eksplisitt grunnlegg institusjonsprestetenesa.
- betre kartlegging av religiøse og åndelige behov ved innkomstsamtalar.

15.2 Prinsipielt utgangspunkt og utvalets generelle vurderingar

Det er ikkje eit argument for å avvike institusjonsprestetenesta at brukarane er meir samansett i dag, men det er eit argument for å bygge opp nye ordningar som tek vare på andre religiøse og åndelige behov.

Det er viktig at trus – og livssynstenesta er ein del av det tverrfaglege arbeidet ved institusjonane. Prestar arbeider mellom anna med organisasjonens etiske refleksjon. Når det gjeld tilsettingsforhold for institusjonsprestar så er prestar i forsvaret og sjukehusa tilsett av institusjonane, mens fengselsprestane er tilsett av sine respektive bispedøme. Fengselsprestane representerer altså inga statleg økonomisk forskjellsbehandling i høve til andre trussamfunn (jf.15.3.1).

15.3 Kriminalomsorga

15.3.1 Dagens situasjon

Innsette i kriminalomsorga kan ikkje sjølv søkje til trus- og livssynssamfunn, difor der det avgjerande viktig trus- og livssynssamfunna kan kome til dei. Det er praktisk mulig å knytte ulike tros – og livssynssamfunn til fengselet for tilkalling, men presters daglege nærvær er ein stryke for dekkinga av alle innsette sine behov for tros – og livssynstenester, fordi prestar held oppe dei innsette sine rettar i kriminalomsorga.

a) Fellessamlingar: Det er ikkje en gunstig situasjon at allbruksrom, stadig må møblerast om. Offentlige institusjonar har behov for eigna rom særlig tilpassa trus – og livssynsutøving.

b) Enkeltsamtalar: Prestetenesta tek i dag vare på mange innsette sine behov for åndelege og eksistensielle samtalar, både for kristne og andre livssyn.

15.3.2 Andre land

Dagens praksis hos oss kan ligne på den svenske modellen, men det er viktig for prester i Den norske kirke at ansvaret for andre tros – og livssynsgrupper ikke ligger hos fengselspresten, men hos ledelsen eller en bredere sammensatt nemd.

15.3.3 Vurdering og tilrådingar

Det er eit offentleg ansvar å sikre trus – og livssynsteneste i offentlege institusjonar. Finansiering av stillingane må løysast på annan måte enn å gjere om dagens stillingar for fengselsprestar. Dagens fengselsprestar er tilsett og løna av bispedøma på bakgrunn av medlemstøtta Den norsk kyrkja tek imot på lik line med andre trus – og livssynssamfunn. Mindretalet kan ha prinsipielt rett i at trus – og livssynssamfunn sjølv kan ta ansvar for sine medlemmer i fengsel. Samstundes er det slik at fengselsprestane, som medlem i det tverrfaglige teamet, har den erfaring at en sikringsanstalt vil ha vanskelig for å få på dagsorden en regelmessig etisk refleksjon over de innsattes åndelige – og eksistensielle behov. Prestetenesta bør ikkje undervurderast i denne samanheng.

15.4 Forsvaret

15.4.3 Vurderingar og tilrådingar

Det prinsipielt viktige i denne diskusjonen er at utvalet sitt fleirtal (sjå og kap. 15.4), klårt seier at det er dekninga av den enkelte soldat sitt behov for trus- og livssynssbetening og utøving som skal vere styrande. En legg mao. ikkje opp til å gjere Forsvaret livssynsnøytralt eller utvikle ein «civil religion» som er felles for alle – men heldt fast på prinsippet om at også Forsvaret skal og bør vere livssyns*åpent* og difor legge til rette for det.

15.5 Offentlige sykehus

Vi støtter flertallets mening om at helseforetakene har plikt til å sørge for en god og mangfoldig livssynsbetjening ved sykehusene og at dette skal nedfelles i de årlige oppdragsdokumentene fra departementet. God og mangfoldig livssynsteneste ved sjukehusa bør nedfellast i dei årlige oppdragsdokumenta frå departementet. Den demografiske samansettinga i nedslagsfeltet til sjukehusa må vere avgjerande for tilsetting av spesiell kompetanse i trus – og livssynstenesta. Prestetenesta ved sykehus bør danne grunnstamma i den nye trus – og livssynstenesta.

15.5.3 Vurdering og tilrådingar

Vi støtter utvalgets vektlegging av at religiøs og livssynsmessig betjening i helse- og omsorgsinstitusjoner krever profesjonalitet og kompetanse.

Det må stillast krav om profesjonalitet og kompetanse for trus – og livssynsteneste i helse- og omsorgsinstitusjonar. Helseføretak bør ha plikt til å syte for ei god og mangfaldig trus- og livssynsteneste ved sjukehusa. Dagens ordning tek vare på dette på en god måte, men kan styrkast i retning av "pastoral care" som omfattar prestar frå dominerande kyrkjer, rabbinar, imam osb.

15.6 Andre døgnbaserte helse og omsorgstjeneste

15.6.2 Vurderingar og tilrådingar

Samhandlingsreforma er heller ikke nevnt i NOU 2013:1! Samhandlingsreforma har ført mange fleire pasientar tilbake til heimkommunar utan at det er tatt stilling til korleis disse skal tenast åndeleg og religiøst. For mange kyrkjelydsprestar i Den norsk kyrkja har det blitt en utfordring å strekke til. I denne samanheng er det viktig å konstatere at eventuelle framtidige talmessige endringar mellom trus og livssynssamfunn vil utvikle seg ulikt i Møre og Oslo.

15.7 Utdanningsinstitusjonar

15.7.2 Vurderingar og tilrådingar

Vi støtter utvalget i at det må legges til rette for at alle tros – og livssynssamfunn kan være tilstede ved undervisningsinstitusjoner. Det er rett at studentar er fri til å kome og gå som dei vil. Dei kan difor ta imot tenester frå trus – og livssynssamfunn utanfor institusjonen. Studietida kan likevel opplevast annleis enn det vanlige liv. Ungdom er i en sårbar livssituasjon, mange er langt borte frå familie og åndelig nettverk. Det talar for at skulen bør legge til rette for bøne- / stillerom og at trus – og livssynstenester kan få plass på studiestadar.

15.8 Kriseberedskap og dødsbodskap

15.8.2 Vurderingar og tilrådingar

Det kan vere eit sprik mellom utvalets prinsipielt rette vurderingar og erfaring i Møre bispedøme.

Utvalet skriv at det "*i enkelte konkrete tilfeller kan tenkes at politiet har sikker kunnskap om pårørende tros – og livssynssamfunn*". Det er rett i svært mange tilfelle i Møre.

I befolkningstette områder bør *Samarbeidsråd for tros- og livssynssamfunn* (STL) vere ein samarbeidspart i tilrettelegging for beredskap i trus- og livssynssamfunn.

Utvalet legg for liten vekt på den erfaringskompetanse som fins i Den norsk kyrkja og mellom prestar tilsett i helsesektoren.

15.9 Enkelte spesifikke spørsmål

15.9.1 Livssynsuavhengig førstelinje

NOU 2013:1 legg ansvaret for å søke trus – eller livssynsteneste hos brukaren. Det er vår meining at ansvaret må ligge til førstelinjetenesta for å avdekke slike behov.

Det er òg vår erfaring at prestars nærvær i institusjonar er med på å auke institusjonen si merksemd på åndeleg og eksistensiell omsorg.

15.9.2 Reisestøtte

Vi støtter utvalets forslag om at offentlege institusjonar skal kunne dekke utgifter i samband med tilkalling av tilreisande representantar for andre trus- og livssyn.

15.9.3 Utdanning av personell

Vår erfaring er at selv i de deler av førstelinjetjenesten som har noe opplæring i religions – og kulturforståelse bruker man prestatjenesten til å rådføre seg i møte med andre troende. Dette viser igjen at STL har sin berettigelse i institusjonene, men at det i mange områder av landet ikke behøver å føre til endringer i dagens personell.

Pastoralklinisk vidareutdanning (PKU) er god kompetanse i tros- og livssynstenesta. Det må òg nemnast at "*spesialiseringen for prester i helse og omsorgssektoren*" gir eit breiare kompetanse

enn PKU til den pastoralkliniske tenesta.

Institusjonsprestetenesta har bakgrunn både i

- omfattande teologisk utdanning med språk og refleksjon for det åndelig og eksistensielle,
- pastoralklinisk vidareutdanning,
- utviklet reflektert praksis gjennom år.
- og er dessutan knytt saman med personleg føresetnadar og klare verdsett som alle har innsyn i.

15.9.5 Rom for religiøs- og livssynsaktivitet

Vi støttar utvalets innstilling til oppretting av fleire livssynsopne rom for bønn og andre religiøse og livssynsmessige ritual. I fleire institusjonar er det kyrkjer som berre er tilrettelagt for kristen tilbeding. Det er ikkje ønskeleg at desse skal gjerast om til livssynsnøytrale rom.

Konklusjon / tilråding

- 1) Det er godt at utvalet går inn for å ta aktivt vare på trus- og livssynsbehov i offentlege institusjonar.
- 2) Det er viktig at tilsette i presteteneste / pastoralklinisk teneste i sjukehusa, er tilsett av helseverksemda og dermed kan arbeide som en integrert del av institusjonen.
- 3) Sjukehusprestane frå Den norske kyrkja må framleis vere tyngdepunktet både ut frå demografiske grunnar, ut frå krav til brei pastoralklinisk kompetanse og ut frå fleirtalskyrkja og prestetenesta sin plass i folks bevisstheit.
- 4) Presteteneste / pastoralklinisk teneste bør supplerast med nokre frå andre kristne trussamfunn når det er naturleg ut frå demografi, men òg frå andre religion- og livssynssamfunn når det er naturleg ut frå demografisk samansetting.
- 5) Det er sterkt urimeleg at prinsipiell refleksjon skaper tanken om at ingen skal få trus- og livssynstenester dersom ikkje alle kan få den same tilbodet. Det er vesentlig å ta vare på fleirtalet sitt behov for brei pastoralklinisk teneste. Prinsipp 5. om likebehandling seier: *”- tilstrebe at enhver borger får – i prinsipp og i rimelig praksis – samme grad av støtte til sin tros og livssynsutøvelse”*. Dette opnar òg opp for at det er naturlege variasjonar ut frå demografiske og andre tilhøve.
- 6) Vi støttar i hovudsak konklusjonane til fleirtalet når det gjeld trus – og livssynstenester i offentlege institusjonar, og at det her må opnast for nødvendig variasjon på landsbasis.
- 7) Vi foreslår ei vidareføring av kompetansen og det arbeid som i dag vert utført utan vesentlege endringar og ei styrking og betring av trus – og livssynstenesta for dei som høyrer til andre tros – og livssynssamfunn.

G) Kapittel 17 Offentlegrettslege funksjonar – vigslesmynde til trus- og livssynssamfunn

Møre bispedømeråd svarar ja på spørsmålet i avsnitt 17.6.2: «Bør trus- og livssynssamfunn framleis ha vigselsrett?», men vigselsrett må ikkje innebere vigselsplikt.

Generell merknad

Lange historiske liner og høge vigseltal bør gi føringar for framtidige ordningar. Prosentdelen vigslar i Den norske kyrkja har falle frå 60 til 40 prosent i tidsromet 1990-2010. 40 prosent vigslar er likevel høgare enn dagens prosentdel av borgarlege vigslar. Framleis ønskjer altså ein vesentleg del av folket at Den norske kyrkja har delegert vigselsrett og at kyrkjeskema kan nyttast

som offentlegrettslege vigselstadar.

Kva bør prioriterast i vidare oppfølging.

Utvalets generelle utgangspunkt er som følger: «Dersom en slik delegering, skal opprettholdes, er det grunnleggende at det offentlige sikrer seg tilstrekkelig styring med ordningen, slik at den praktiseres etter loven og slik at andre sentrale politiske hensyn blir ivaretatt.» jf. 17.6.1. Denne premissen for vidareføring av delegert vigselrett kan lede til krenking av religion- og livssynsfridomsprinsippet. Mindretalet og utvalet generelt opnar for statleg påverknad på praksis og debatt innanfor trus- og livssynssamfunna med den hensikt at desse over tid skal adoptere dei likestillings- og ikkje-diskrimineringsideal som ligg til grunn for dagens familierett i Noreg.

Offentleg mynde skal ikkje gripe inn i Den norske kyrkja sitt syn på samliv og samlivsordningar, heller ikkje når kyrkja sitt syn er delt, jf. Lærenemnda 2006.

Den felles kristne læretradisjonen, uttrykt i Den norske kyrkja sine vedkjenningsskrifter generelt og i denne samanheng, læra om ekteskapet, spesielt, forpliktar og styrer saklege formål i kyrkja.

For det første gjeld det å verne om Guds gode skaparordning for samlivet mellom mann og kvinne. For det andre gjeld det å verne om kyrkja si noverande ordning for vigsel. For det tredje gjeld det å verne om den økumeniske læretradisjon, som Den norske kyrkja forstår seg som ein del av.

Kyrkja bed difor om at staten respekterer forskjellsbehandling på grunn av samlivsform eller kjønn. Forskjellsbehandlinga vil ikkje vere uforholdsmessig inngripande i høve til statens heilskaplege diskrimineringsvern, då borgarleg vigsel gir tilgang til vigsel.

(Viser til arbeidet med ny diskrimineringslov i Stortinget i mai/juni 2013 der KrF, Høgre og Frp har fremja eige forslag om vidareføring av forskjellsbehandling i trussamfunn på grunn av samlivsform eller kjønn dersom «*det er nødvendig for å oppnå saklige formål*» og «*ikke er uforholdsmessig inngripende*» og er «*avgjørende*» for utøving av yrket. (Jf.VL 11.06.13))

Dersom staten ikkje vil respektere Den norske kyrkja sin religionsfridom til sjølv å definere og praktisere læra om ekteskapet, er det usemje i bispedømerådet om kyrkja bør vurdere å slutte seg til utvalfleirtalet, som går inn for at det blir innført sivil ekteskapsinngåing som einaste og generell ordning, eller om kyrkja framleis bør ha vigselrett.

Dersom det skulle bli innført sivil ekteskapsinngåing som einaste og generell ordning, er det subsidiær semje i bispedømerådet om at den obligatoriske sivile ekteskapsinngåinga bør vere so lite seremoniell som mogleg. Staten skal ikkje erstatte, men støtte opp under trus- og livssynssamfunna sine ulike kulturuttrykk og/eller behov for velsigningshandlingar ved ekteskapsinngåing.

Vigselsmynde i heile landet.

Utvalet går inn for at ekteskapslova skal gi alle godkjende vigslarar vigselsmynde i heile landet. Det einaste vilkåret som skal stillast er at vigselen skal skje etter reglane i ekteskapslova og følgje det godkjende vigselsritualet til det aktuelle trus- og livssynssamfunnet.

Det vil bryte mot biskopens tilsynsrett å gi alle godkjende vigslarar vigselsmynde i heile landet. Å gi alle godkjende vigslarar vigselsmynde i heile landet, vil òg opplevast krenkande i deler av kyrkja på grunn av kyrkja sitt delte syn på samliv og samlivsordningar.

H) kapittel 18 Gravferdsforvaltning

Møre bispedømeråd ønskjer ikkje å overføre ansvaret for gravferdsforvaltninga til kommunen

slik utvalet foreslår. Møre bispedømeråd ønskjer at dagens ordning vert vidareført.

Generelt: Møre bispedømeråd er samd med utvalet i at prinsippa om ikkje-diskriminering og likebehandling bør liggje til grunn også for gravferdsforvaltinga. Desse prinsippa rekk likevel ikkje langt nok. Bispedømerådet meiner at utvalet i stor grad ser vekk frå kultur og tradisjon som har gitt grunnlag for dagens forvaltingsordning, ei ordning som framleis i høg grad har tilslutning. Det vert etter vår oppfatning også feil når prinsippet om forvaltarnøytralitet vert så sterkt knesett at det heilt sett til sides at livssynsforankring er ein kvalitet i møte med livssynsmangfald. Utvalet sett og til sides at politiske styresmakter ved fleire høve (seinast i 2011) har konkludert med at dagens ordning bør førast vidare. Utvalet har lagt seg på den mest kategoriske ordninga: Kommunalt ansvar utan opning for lokalt avtalt overføring til fellesrådet.

Om ikkje-diskriminering og likebehandling: Ved dei siste endringane i gravferdslova (2012) er det innført reglar som skal sikre lik handsaming uavhengig av religion eller livssyn innanfor *gjeldande* ordning. (Faneparagraf om respekt for den døde sin religion eller livssyn, trus- og livssynsamfunn har høve til å gjennomføre seremoni når ny gravplass vert teken i bruk, reglar om tilrettelagte graver, krav om årlege drøftingsmøte for trus- og livssyns-samfunn.) Det er ikkje mykje anna lovgjeving som så klart hevdar livssynsrelaterte omsyn og som gjev så klare likestilte rettar. Vi vil hevde at fellesråda har vist, og vil vise, evne til å forvalte ansvaret i tråd med intensjonen i lova. Utviklinga sidan midten av 70-talet har vist opning og velvilje for eit aukande mangfald på gravplassane. Den norske kyrka bør kunne føre dette vidare.

Ei livssynsforankra forvalting: Vi trur at verdiar, kultur og forankring hos fellesråda har gjeve grunnlag for forståing og innsikt i møte med annleis truande og tenkande menneske i ein livsfase der eksistensielle spørsmål vert viktige. Tilliten er ikkje basert på nøytralitet, men på innsikt. Undersøkingar har vist at brukarane er svært tilfreds med ytingane til dei pårørande i samband med dødsfall og tida etterpå. Ståsett-utvalet finn heller ikkje grunn til å kritisere dagens *praksis*, men vil overføre ansvaret til kommunane ut frå eit livssynspolitisk *prinsipp*.

Eigedomstilhøve: Gravplassane ligg som oftast ved eller kring ei kyrkje. Både kyrkja og gravplassen er eigde av soknet og framstår gjerne som ei samanhengande eining. Ei overføring av gravplassforvaltinga til kommunen vil krevje ein juridisk gjennomgang om samanhengen mellom driftsansvar og eigedomsansvar, evt om eigedomsretten til gravplassane må overførast.

Personell og fagmiljø: I den lokale kyrkja er det opparbeidd høg kompetanse på fagfeltet gravplassforvalting, ein kompetanse som i stor grad ligg hos fellesrådstilsette. Utvalet har sagt lite om verdien av kompetansen, evnene, haldningane og ressursane som i dag er der og som er ein føresetnad for kvalitetsdrift frå dag til dag i den einskilde kommunen. Og utvalet har ingen refleksjonar om korleis denne kompetansen evt skal bli overført.

I) kapittel 19 Borns interesser og rettar

«Foreldrerettigheter og behovet for beskyttelse av barn» er overskrifta for kap.19.5.

Vi siterer:

«Det generelle foreldreansvaret er uttrykt slik i barneloven § 30:

Barnet har krav på omsut og omtanke frå dei som har foreldreansvaret. Dei har rett og plikt til å ta avgjerder for barnet i personlege tilhøve innanfor dei grensene som §§ 31 til 33 set. Foreldreansvaret skal utøvast ut frå barnet sine interesser og behov.

Dei som har foreldreansvaret, er skyldige til å gje barnet forsvarleg oppseding og

forsyting. Dei skal syte for at barnet får utdanning etter evne og givnad.»

Møre bispedømmeråd meiner at foreldreansvaret slik det kjem til uttrykk i Barnelova § 30 må bli lagt vekt på òg i møte med trus- og livssynsspørsmål. Det er eit for stort ansvar å legge på barn heilt ned til 12 år åleine. Born er religiøst myndige når dei er 15 år. Trus- og livssynsspørsmål er difor ein del av foreldreansvaret.

Kyrkje-skule

Viser til avsnitta: (19.3) «Barns rett til å bestemme selv i tros og livssynsspørsmål» og (19.4.2) «Utviklingen av den offentlige skolen i Norge»

1: Barns medråderett:

Utvalet foreslår at «grunnskoleelevene får en selvstendig rett til fritak etter opplæringsloven §2-3a frå de er 12 år, herunder fritak frå deler av RLE-undervisningen» (s.6). Formålet i RLE-faget og opplæringslova § 2-4, 3.ledd stadfestar faget si viktige rolle: «Undervisinga i religion, livssyn og etikk skal bidra til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulike oppfatningrr av tros- og livssynsspørsmål.» Det er difor uheldig at borna sjølv skal ta stilling til fritak i RLE-faget.

Intensjonen i opplæringslova er rett, at born skal bli høyrte i saker som vedkjem religiøs identitet i opplæringa, men det er ikkje rett at borna sjølve skal avgjere saka når dei er under religiøs myndigalder. Da må foreldra i dialog med skulen treffe avgjerd til bornas beste.

Religionsfridom må òg handle om borns rett til å ta del i religiøse aktivitet. Når det gjeld borns rett til fritak, kan ein ikkje einseitig fokusere på å beskytte borna frå religiøs påverknad og deltaking.

2: Skulegudstenester:

Når det gjeld skulegudstenester, er vi einige med fleirtalet. Det kan være slik det har fungert dei siste åra(s.14). Mindretalet går imot vidareføring av skulegudstenester fordi det inneber ei indirekte diskriminerande ordning. Dette bryt med prinsippet om at «det legges aktivt til rette for alle borgeres tros- og livssynspraksis». Det er ikkje rett at nokre borgarar ikkje får ta del i eigen trus- og livssynspraksis fordi ikkje alle kan det. Kyrkjebygga i alle deler av landet viser kor sterkt den kristne tradisjon står i landet vårt. Det er viktig at borna får ta del i denne kulturarven gjennom skulegudstenester og at dei ikkje går glipp av dette fordi det ikkje finst andre religiøse bygningar. Vi viser i denne samanheng til eit av hovudpoenga i Kulturutredning 2013: «den kirkelig relaterte kulturarven er et verdifullt grunnlag for identites-og meningsskapning også i dag». -

Utviklingshemming:

Menneske med utviklingshemming, som ikkje bur saman med foreldre, og som er under offentlig omsorg og tilsyn gjennom veka, kan lett bli oversett med omsyn til åndelige og religiøse behov.

Møre bispedømmeråd er oppteken av at menneske med psykisk utviklingshemming må få høve til å praktisere den trua dei er oppdratt i, sjølv om dei ikkje lenger bur saman med foreldre/føresette. Offentlig tenesteytar har eit ansvar for å legge til rette for at dette kan skje som ein naturleg del av livsrytmen for dei som bur i omsorgsbustad eller på institusjon. I dei høve der menneske med psykisk utviklingshemming har vakse opp innanfor eit bestemt trussamfunn, bør det knytast kontakt mellom tenesteytar og trussamfunnet – slik at ein i samarbeid kan legge til rette for at den einskilde får utøve trua si og får høve til å ta del i samlingar i trussamfunnet.

Menneske med utviklingshemming må sjølv få vere med å bestemme korleis dei vil praktisere

og utøve trua si, og tilsette innanfor den offentlige omsorga har plikt på seg til å legge til rette for slik religiøs utøving f. eks. gjennom bordbøn, kveldsbøn og deltaking på gudstenester. Slik tilrettelegging må alltid skje på brukaren sine premissar, og kan ikkje gjerast avhengig av dei tilsette si tru eller religiøse ståstad. Dette er også i samsvar med tidlegare rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet.

I store deler av landet tilhøyrrer nærare 90% av befolkninga Den norske kyrkja. Slik er det til dømes i Møre bispedøme. I Møre skulle det derfor vere heilt naturleg at kommunale verksemdar som organiserer tenester for menneske med psykisk utviklingshemming i egne bustader, har eit formelt samarbeid med DnK i lokalsamfunnet, for å sikre at brukarar som er medlemmer av DnK, får høve til å ta del i kyrkjelyden sitt fellesskap eller på annan måte ha regelmessig kontakt med trussamfunnet sitt. Fylkesmenn og biskopar må på kvar sin måte føre tilsyn slik at kommunar og kyrkjelydar tek sin del av ansvaret for å sikre formalisering av slikt samarbeid og tilrettelegging.

J) Kapittel 30 Lov om tilskudd til tros- og livssynssamfunn

Kapittel 1 Formål og virkeområde

§ 1-1 Lovens formål.

Møre bispedømeråd støttar forslag frå utvalsmedlemane Fjellheim, Haugland, Leirvik, Skjælaaen og Stålsett under føresetnad av vidareføring av reservasjonsretten i ny § 13, jf. uttale i kapittel 30 Lov om tilskott til trus- og livssynssamfunn kapittel 6 Avsluttande bestemmelser punkt B (s.12 i dette høyringssvaret) og i kapittel 17 Offentlegrettslege funksjonar – vigslesmynde til trus- og livssynssamfunn (s.8 i dette høyringssvaret).

§ 1-2 Lovens virkeområde.

Møre bispedømeråd støttar forslag frå utvalsmedlemane Fjellheim, Haugland, Leirvik, Skjælaaen og Stålsett under same føresetnad som ovanfor.

Dersom desse føresetnadane ikkje vert innfridde støttar Møre bispedømeråd fleirtalets forslag til §§ 1-1 og 1-2.

Kapittel 2 Godkjenning av rett til statstilskott

§ 2-2 punkt 1-7 får støtte utan forslag til endringar.

Møre bispedømeråd støttar ikkje forslag frå utvalsmedlemane Bernt, Leirvik og Reikvam om at det under punkt 6 blir lagt til ein ny bokstav d med følgjande utforming: «*Oppfordre til eller bifalle diskriminering i strid med norsk lov.*»

Kapittel 3 Økonomiske tilskott

Viser til uttale om barns skriftlege samtykke frå fylte 12 år under dette avsnittets kapittel 6 A og C.

Kapittel 4 Sakkyndig nemnd

Viser til forslag om sakkyndig nemnd på fem medlemmar oppnemnt av Kongen i statsråd. Det vil vere avgjerande at medlemane i nemnda respekterer Den norske kyrkja sine rettar som fritt trussamfunn på line med alle andre trussamfunn.

Kapittel 5 Tilsyn, rapportering og sanksjonar

Viser til foreslått § 5-3 tredje ledd. Møre bispedømeråd bed om respekt for kyrkja si lære om ekteskapet i høve til diskrimineringslovgivinga.

Kapittel 6 Avsluttande bestemmelser

Punkt A om forslag til ny § 32.

Møre bispedømeråd vil overføre teksten i Lov om trudemssamfunn og ymist anna § 6 fjerde ledd til ny § 32 andre ledd «*Når barnet er 12 år eller meir, skal det få seia si meining om innmelding eller utmelding, om det let seg gjere.*».

Det er uheldig at born, som har fylt 12 år, skal gjevast så stor mynde som det eit skriftleg samtykke gir. I religiøse spørsmål bør foreldre ha avgjersmynde til barnet er fylt 15 år.

Punkt B om forslag til identifikasjon av vigslarar og vigslars reservasjonsrett.

Møre bispedømeråd støttar oppretting av Kapittel 4 Vigsel og gir si støtte til § 4-1, første, andre og tredje ledd, §§ 4-2, 4-3, 4-4, 4-5, 5-2, 5-3 og §§ 12 og 13.

Møre bispedømeråd ønskjer at reservasjonsretten i ny § 13 skal først vidare og støttar difor forslaget til utvalsmedlemene Fjellheim, Haugland, Leirvik, Skjælaaen og Stålsett:

«En vigslar som nevnt i § 12 bokstav a, kan nekte å foreta vigsel dersom en av brudefolkene ikke er medlem av trossamfunnet eller livssynssamfunnet, eller ingen av dem tilhører menigheten.»

En vigslar i et trossamfunn godkjent etter lov om tros- og livssynssamfunn kapittel 4 kan også nekte å foreta vigsel dersom en av brudefolkene er skilt og den tidligere ektefellen lever, eller dersom brudefolkene er av samme kjønn.»

Møre bispedømeråd støtte ikkje mindretalets forslag til Kapittel 4 Vigsel § 4-1 fjerde ledd og viser til uttale i kapittel 17 Offentlegrettslege funksjonar – vigslesmynde til trus- og livssynssamfunn: *«Det vil bryte mot biskopens tilsynsrett å gi alle godkjende vigslarar vigslesmynde i heile landet og kan opplevast krenkande i deler av kyrkja på grunn av kyrkja sitt delte syn på samliv og samlivsordningar.»*

Punkt C om elevars fritak.

Møre bispedømeråd støttar ikkje forslag om nytt sjetste ledd og viser til uttalen til Kapittel 19 Borns interesser og rettar:

«Det generelle foreldreansvaret er uttrykt slik i barneloven § 30:

Barnet har krav på omsut og omtanke frå dei som har foreldreansvaret. Dei har rett og plikt til å ta avgjerder for barnet i personlege tilhøve innanfor dei grensene som §§ 31 til 33 set.

Foreldreansvaret skal utøvast ut frå barnet sine interesser og behov.

Dei som har foreldreansvaret, er skyldige til å gje barnet forsvarleg oppseding og forsyting. Dei skal syte for at barnet får utdanning etter evne og givnad.»


Vi meiner at foreldreansvaret slik det her kjem til uttrykk må vere ei vesentleg vurdering og i møte med trus- og livssynsspørsmål.

Punkt D om diverse andre endringar.

Foreslåtte endringar i «lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd», i «lov om universiteter og høyskoler» og i «lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingvern» er gode tilpassingar til dagens situasjon.

Med helsing


Ingeborg Midttømme
Møre biskop


Bjørn Olaf Storhaug ef.
stiftsdirektør